



Sluttrapport

UNG

i Møre og Romsdal

... Innhold:



Samandrag

side 3

Innleiing

side 5

Målsetting og resultat

side 6

Gjennomføring

side 9

Fokus på medverknad

Ungdommens Fylkesting

ungdomspanelet i Møre og Romsdal

Ungdomsråd i kommunane

Elevrådkonferanse for ungdomsskolen

8.mars arrangement

Skape ein kultur for medverknad

side 11

Fokus på synleggjering

side 18

TV-serie om ungdom i fylket

Karrieredagar for 10.trinn i ungdomsskolen

utarbeidning av profil

Fokus på både synleggjering og medverknad

side 22

Spørjeundersøking i oppstart og avslutning

ungweb.no

Demokrati 09

Budsjett og rekneskap

side 26

Vegen vidare

side 28

Sluttevaluering

side 30

... Samandrag:

Ung i Møre og Romsdal blei initiert av Fylkestinget på bakgrunn av fråflyttungsproblematikken til gruppa mellom 20-29 år. Ved å samordne innsatsen for unge i eitt program, ville vi styrke, tydelegjere og synleggjere innsatsen i høve til unge i Møre og Romsdal. Programmet har vore eit av fem storsatsingar til Møre og Romsdal fylke, og hadde eit tidsperspektiv på 3,5 år.

For å klare å gjere noko med fråflyttungsproblematikken, må ein bygge identitet og tilhørighet for ungdom som veks opp. Oppleving av reell medverknad er viktig for å gi ungdom identitet til heimplassen. Ein må også vere godt kjent med kulturtilbod, yrkes- og utdanningstilbod og muleheiter elles.

Hovudmåla har vore å:

- »»» auke reel medverknad for ungdom mellom 15-25 år gjennom årlege
Ungdommens Fylkesting; styrking av ungdomsråd og elevrådskonferanse for ungdomsskolen
- »»» synleggjere muleheiter for ungdom i fylket gjennom karrieredagane og
ungweb.no

I dag har alle kommunar i Møre og Romsdal ungdomsråd. UNG har hatt eit overordna mål på temaet medverknad, og vi har mellom anna styrka kontakten med koordinatorane til ungdomsråda og barn og ungdommens kommunestyre i kommunane. Når det gjeld vegen vidare for UNG-satsinga vil vi her peike på at det må arbeidast vidare med å gje ungdom medverknad i dei fora som er viktig for ungdom. Det må utviklast ein kultur på alle nivå slik at det blir sjølvsagt.

UNG har sidan 2007 arrangert årlege karrieredagar for alle elevar på 10.trinn i ungdomsskolen. Målsettinga med dagen har vore å gi elevane eit levande bilet av arbeids- og utdanningstilbod i eige fylke. Vi ønskte å vise fram smakebitar av dei spanande arbeids- og utdanningstilboda vi har for å motivere ungdommen til å begynne å tenke på eiga framtid. Karrieredagane er no forankra mot det nye faget "utdanningsval" i ungdomsskolen, og samarbeider tett med karriererettleiings prosjektet på utdanningsavdelinga, Møre og Romsdal fylke. UNGweb.no har vore eit verktøy for å nå ungdom på deira premiss. Gjennom ungweb.no lukkast vi med å engasjere ungdom og politikarar til felles dialog og meiningsutveksling ved stortingsvalet 2009.

For at UNG skal oppnå sine langsiktige mål må ein vise at Møre og Romsdal fylke meinte - og meiner noko med å satse på målgruppa ungdom i eit lenger perspektiv enn i programperioden til UNG i Møre og Romsdal.

Dei viktigaste satsingane blir:



- »»» Auke reell medverknad for ungdom i dei fora som er viktig for ungdom.
- »»» Logoen til UNG bør heftast på alt arbeid retta mot ungdom i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune slik at det blir synleg for ungdomsgruppa.
- »»» Det må framleis vere tilsette i organisasjonen som arbeider med ungdom og medverknad som hovedfokus.
- »»» Ungdomspanelet er viktig. Ungdomspanelet skal vere bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane i fylket. Den økonomiske ramma til ungdomspanelet må aukast for å halde aktivitetsnivået oppe når UNGs programperiode er over.
- »»» Ungdomsråd er viktig for å skape identitet til heimplassen og dermed fråflyttingsproblematikken til fylket. Eit hovudfokus til UNG er å vere ein tydeleg medspelar for ungdomsråda i kommunane. Spørjeundersøkinga UNG gjennomførte hausten 2007, viser at ungdom som bur i kommunar med ungdomsråd har ei sterkare tilknyting til kommunen sin enn dei som ikkje har ungdomsråd.
- »»» Informasjon retta mot ungdom må tilpassast målgruppa.
- »»» Vidareutvikle nettstaden UNGweb.no for å styrke informasjonen og synleggjere mulegheitene ungdom har i fylket.
- »»» Informasjonstrategien til Møre og Romsdal fylkeskommune må klart vise at fleire tek ansvar for å informere ungdom om det som vedkjem ungdom.
- »»» Vidareutvikle karrieredagane i samarbeid med utdanningsavdelinga i fylkeskommunen, privat og offentleg næringsliv og høgskolane. Skal utdanningsavdelinga ha det økonomiske ansvaret må dei økonomiske rammene til avdelinga aukast frå 2011.

... Innleiing:

Programmet UNG i Møre og Romsdal vart vedtatt av Fylkestinget våren 2004. Programmet vart sett i gang på grunnlag av utfordringar identifisert i fylkesplanen 2005 - 2010. Her vart det peika på at

"Utviklinga i folketaket og behova innanfor arbeidsmarknaden gjer det til ei overordna oppgåve å sette fokus på, og legge forholda til rette for at ungdom/unge vaksne ønskjer å busette seg i Møre og Romsdal".

Gode oppvekstvilkår, trivsel i ungdomsåra, eit godt utdanningstilbod på ulike nivå, gode kultur- og fritidstilbod, samferdselstilbod og jobbmulegheiter er viktige faktorar som påverkar ungdom sin trivsel og ønske om å bu i Møre og Romsdal. For at ungdom skal velje Møre og Romsdal, må dei ha betre kunnskap om muleheitene som finst i fylket. Det inntrykket ungdom har av heimstaden sin, er også viktig for val av bustad i voksen alder. Oppleving av reell medverknad er viktig for å gi ungdom identitet til heimstaden. Ungdom i Møre og Romsdal har gitt uttrykk for at dei i for liten grad blir inkludert i medverknadsprosessar i samfunnet.



... Målsetting og resultat:

For programmet UNG vart det definert følgjande mål:

Effektmål:

Skal angi virkningar av ei vellykka gjennomføring. Kva forbeteringar vil kome som eit resultat av prosjektet til dømes i eit 3-5 års perspektiv.

Innan programperiodens utløp i 2010 skal programmet bidra til at:

- »»» fleire unge mellom 15-25 år tek del i medverknadsprosesser i kommunar, skoler, organisasjonar og næringsliv
- »»» kommunar, skolar, organisasjonar, næringsliv og ungdom mellom 15-25 år i fylket har fått betre kunnskap om organisasjonen Møre og Romsdal fylke sine prosjekt og tiltak retta mot ungdom
- »»» gjennom å synleggjere mulegheiter og auke medverknaden for unge skal programmet på lang sikt føre til at fleire unge mellom 15-25 vel å bu i Møre og Romsdal

Objektmål:

Mål som skal realiserast i prosjektperioden

2007

- » Ha reorganisert prosjektorganisasjonen til UNG programmet slik at ansvar og oppgåver blir tydeleg plassert.
- » Ha gjennomført ei spørjeundersøking og fått styringsinformasjon og kunnskap om kva ungdom veit om fylket, kva som gjer at ungdom trivst og kva ønskjer ungdom har for å kunne busette seg i Møre og Romsdal.
- » Ha synleggjort Møre og Romsdal sine aktivitetar retta mot ungdom gjennom:
 - utarbeiding av eigen profil
 - eigen nettstad for ungdom i Møre og Romsdal, UNGweb.no
 - stand og informasjonsmateriale
 - TV serie om ungdom i Møre og Romsdal

- karrieredager for 10. klassingar
- gjennomført ulike arrangement der ungdom har satt dagsorden
- fått jamnleg presseomtale

- › Etablert ungdomsråd i alle kommunar i Møre og Romsdal.
- › Skolane og kommunane er informerte om ungdomsdemokratiske prosesser.
- › Elevråd, ungdomsråd og andre vedtaksdyktige instansar er skolert i bruk av UNGweb.no.

2008:

- › Ha synleggjort aktivitetar og mulegheiter for ungdom i Møre og Romsdal, mellom anna gjennom:
 - vidareutvikla www.UNGweb.no
 - ha gjennomført karrieredag for alle 10. klassingar i fylket
- › Ungdom i Møre og Romsdal skal ha auka medverknad, mellom anna gjennom:
 - ha fått opplæring i elevrådsarbeid gjennom ein årleg elevrådskonferanse for ungdomsskolane
 - etablert eit nettverk for ungdomskoordinatorar i alle kommunane
 - etablert rutinar for drift av ungdomsråd
- › Forankring av UNG programmet både eksternt og internt
- › Marknadsføring av UNG i faste fora

2009:

- › Gjort ungdom betre kjent med jobb- og utdanningsmulegheiter i Møre og Romsdal gjennom karrieredagane.
- › Auka engasjement og deltaking i skole- og stortingsval i 2009 blant ungdom i Møre og Romsdal gjennom Demokrati 09.
- › Meir systematisk ungdomsrådsarbeid i kommunane i Møre og Romsdal.
- › Synleggjort fleire arenaer der ungdom kan vere med å medverke.
- › Innsatsområda frå objektmåla er satt i drift.



Har vi nådd måla?

Alle objektmål og konkrete tiltak vil bli gjennomgått under kapittel om "Gjennomføring", men vi kan likevel seie at UNG har nådd måla sine - om enn ikke til planlagt dato.

- Vi har auka fokus på kor viktig det er å la ungdom vere med når saker som gjeld ungdom skal utformast.
- Vi har retta fokus på at medverknad handler om meir enn å bli høyrt - det handlar også om identitet.
- Vi har synleggjort at skal Møre og Romsdal fylke nå ut med informasjon til ungdom, så må den skreddersyast for målgruppa slik vi har gjort gjennom UNGweb.no
- Vi har gjennom årlege Karrieredagar synleggjort ulike jobbmuleheter i fylket, der ungdom har fått prøvd ulike yrker. I underkant av 10.000 elevar på 10.trinn har delteke på Karrieredagar i programperioden til UNG.



... Gjennomføring:

UNG har bestått av prosjektleiar, og frå januar 2007 ein prosjektmedarbeidar.

UNG har vore tilknytta utdanningsavdelinga og samhandlingsarenaen.

Programmet har hatt ei styringsgruppe, prosjektgruppe og ei ressursgruppe.

Styringsgruppa har bestått av:

Leiar av ungdomspanelet

Fylkesordfører

Fylkesdirektør

Fylkesutdanningsdirektør

Prosjektleiar av UNG

Prosjektgruppa har hatt jamnlege møter.

Prosjektgruppa har bestått av:

Prosjektleiar Anna Tokle Amundsen

Prosjektmedarbeidar Hallvard Lavoll-Nylenna/Anne Berit S. Halle

Samhandlingskoordinator Carina Stokke/Heidi-Iren Wedlog Olsen

Leiar administrasjonsstab utdanningsavdeling Line Sandøy Hjelle

Rådgjevar/seksjonsleiar administrasjonsavdelinga Ingunn Bekken Sjåholm

Elev- og lærlingeombod Monica Molvær

Ressursgruppe:

Ressursgruppa har bestått av alle som har målgruppe ungdom i organisasjonen Møre og Romsdal fylke, og medlemer frå ungdomspanelet. Her har målet vore informasjonsutveksling og kompetanseoverføring.

I tillegg har det vore oppretta eigne grupper for å utvikle:

- ungweb.no, der IT-avdelinga har vore ein avgjerande støttespelar saman med ungdom.
- Demokratiprosjektet 09, der rektorar, elevar og ein forskar var med i prosjektgruppa.
- Karrieredagar, der arbeidsgrupper har vore nedsatt for kvar region
- 8 mars arrangementet, der arbeidsgruppa var samansett av ungdom og representantar frå likestillingsutvalet

Synleggjering og medverknad



UNG byggjer på to hovudstolpar: Synleggjering av mulegheiter i fylket og auka medverknad for ungdom. Desse to er viktige fordi dei tilsaman styrker identitet og tilhøre til heimplassen, og Møre og Romsdal. Og korleis gjer vi det? I oppstarten av programperioden kartla UNG aktivitetane som Møre og Romsdal fylke tilbydde ungdom. Det var gjort mykje godt arbeid tidlegare, men var det noko som mangla? UNG satte inn krefter der vi såg det mangla noko, og forsterka det som allereie var i gang. UNG utarbeida ein profil i samarbeid med ungdommane for å bli synlege. Logoen er Møre og Romsdal fylke med UNG under. Vi brukar ei kvit flate som minnar om eit frimerke. Slik sett vi vårt stempel. Hovudelementet i tillegg til logo er eit kart. Det einaste ungdom har til felles er at dei er sokande. Dei lurer på kven dei er, kva dei skal utdanne seg til, kor dei skal bo osv. Til dette treng dei eit kart.



Ein stakar seg ut ei retning, går eit stykke før ein møter ein ny veg. Der er det kanskje ny informasjon som gjer at ein vel å følgje den eit stykke. Mulegheiter endrar seg ved nye korsvegar, slik finn vi vegen framover.

Under kjem alle tiltaka i rekkjefølge, men sortert under dei to stolpane UNG har jobba etter: **Medverknad og synleggjering**. Mange av tiltaka tilhører begge stolpane, difor er det laga ei eigen oppsummering av dei.

... Med fokus på medverknad

Dersom ungdom skal ha reell medverknad, er det ein føresetnad at ungdom blir teke med i dei fora som angår ungdom, og at dei blir teke på alvor! UNG har prioritert desse aktivitetane:

- › Årleg Ungdommens fylkesting
- › Jevnlege møter med ungdomspanelet i Møre og Romsdal
- › Ungdomsråd i kommunane
- › Årleg Elevrådkonferanse for ungdomsskolen
- › 8.mars arrangement
- › Skape ein kultur for medverknad

Ungdommens fylkesting

Kvart år møter to ungdommar frå kvar kommune i Møre og Romsdal til Ungdommens fylkesting. Her blir det diskutert viktige saker som påverkar kvardagen til ungdom i fylke. Vedtak fatta av Ungdommens fylkesting er viktige og rettningsgjevande for politikarane i fylke. Dei som er med på Ungdommens fylkesting lærer også mykje om fylket vårt. Kvart år blir det invitert forskjellige gjestar som stiller med kunnskap og engasjement. Ungdommens fylkesting blir arrangerest i november. **Representantane skal:**

- › vere mellom 14 og 19 år
- › vere ein gut og ei jente frå kvar kommune
- › ha personleg vararepresentant
- › helst veljast frå ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre

Kvart år delar Ungdommens fylkesting ut prisen "Årets Ungdomskommune i Møre og Romsdal".

Prisen går til ein kommune som har utmerka seg ved å:

- › legge til rette for medverknad frå ungdom
- › skape gode møtestadar for ungdom
- › legge til rette for eit allsidig fritidstilbod for ungdom
- › eller på anna vis har gjort ein særskilt innsats for ungdom i kommunen.

Kommunar kan nominerast av privatpersonar under 25 år. Nomineringa må innehalde ei grunngjeving.



Ungdommens fylkesting hadde vore arrangert tre gonger tidlegare i Møre og Romsdal, før UNG programmet vart oppretta. Dette arrangementet vart naturleg liggande under UNG sitt ansvarsområde. Vi ser at arrangementet leggjast merke til blant ungdom og media. Ungdom kjenner at dette er eit viktig fora, og arbeider hardt og seriøst under arrangementet. Dei blir teke på alvor!

Det første Ungdommens fylkesting i regi av UNG vart halden i Geiranger 2006. Seinare har dei vore arrangert i Åndalsnes, Molde og Ulsteinvik. Frå 2008 har også koordinatorane til ungdomsråda vore invitert. Koordinatorane er ansatt i kommunen, og rolla deira er å vere sekretær til ungdomsråda/Ungdommens kommunestyre. Koordinatorrolla er berre ein liten del av stillinga deira, og ofte ein einsam jobb. Dei har eige program på Ungdommens fylkesting for å få påfyll av gode idear, kompetanseoverføring, nettverksbygging og erfaringsdeling.

Betre samarbeid

Ein av dei store sakene under Ungdommens fylkesting har vore korleis ungdomsdemokratiet i fylket kan fungere betre. I dag består ungdomsdemokratiet av elevråd, ungdomsråd, Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet. Mange ungdommar er dagleg engasjert i ein eller fleire av desse organa og mange av organa jobbar ofte med same saker. Betre informasjon mellom organa kan gjøre ungdomsdemokratiet endå betre og meir slagkraftig.



Fra Ungdommens Fylkesting i Åndalsnes 2007

Andre viktige tema på Ungdommens fylkesting har vore:

- › Kollektivtransport, ungdomskortet og "Trygt heim for en 50-lapp". Desse sakene er viktige for ungdom. Difor har ungdomspanelet hatt dette temaet med på fleire Ungdommens fylkesting.
- › Stemmerett for 16-åringar. Her vedtok UFT i 2008 å si nei til stemmerett for 16-åringar. Ungdommens fylkesting meinar at 16-åringar ikkje er modne nok til å ta eit reflektert og gjennomtenkt nok val når det gjeld kven dei vil skal styre deira kommune og fylke. Dersom det skal bli aktuelt å innføre stemmerett for 16-åringar, må ein få meir fokus på politikk i skulen slik at ungdom får eit best mugleg grunnlag for å stemme.
- › Miljøsak frå 2007: Ungdommens fylkesting oppfordrar politikarane til å senke prisane på miljøvennelege alternativ, dette inneberer frukt og grønt, ungdomskortet, fair trade produkt og mindre forurensande biler. Politikarar bør gå frem som gode dømer for andre.
- › Universell utforming
- › Digitale læremiddel
- › Utdanning
- › Kulterkort
- › UNGweb.no
- › Ungdommens spørjetime
- › Oppfølging av ungdomsråd/ungdommens kommunestyre
- › Helsestasjon for ungdom
- › Budsjettinnspeil
- › Fylkesplan til Møre og Romsdal fylke. UFT 2008
- › Likestilling; et samarbeid med likestillingsutvalget i fylket



Ungdomspanelet i Møre og Romsdal:



Ungdomspanelet har ni representantar, med personlege vararepresentantar. Dei blir valde på Ungdommens fylkesting. Ungdomspanelet er altså Ungdommens fylkesting si arbeidsgruppe. Ungdommens fylkesting lagar ein handlingsplan over kva saker ungdomspanelet skal arbeide med det komande året.

- › Ungdomspanelet skal vere eit aktivt bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylke og kommunane.
- › Ungdomspanelet skal drive lobbyverksemd overfor politiske styresmakter, og sette i verk Ungdommens fylkesting sine intensionar.
- › Ungdomspanelet skal følgje opp konkrete saker og fordele midlar til søknadar.
- › Ungdomspanelet skal fronte ungdomspanelet og Ungdommens fylkesting i media.
Ein skal koordinere arbeidet mellom ungdomsråda i kommunane og motivere til aktivitet, og vere pådrivar for å etablere ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre i alle kommunar i fylket.
- › Ungdomspanelet skal finne nye måtar å mobilisere ungdom til samfunnsengasjement.
- › Ungdomspanelet skal bestå av ungdom mellom 14 og 19 år, som må bu i fylket i den aktuelle valperioden.
- › Ungdomspanelet skal vere samansett av ungdom frå dei tre regionane i Møre og Romsdal, og det skal vere ei balansert samansetjing frå by og land. Kjønnsbalansen skal vere ivaretatt i jamfør likestillingslova.
- › Ungdomspanelet har sine møte samstundes med ordinære fylkesting. Representantane har ansvar for kvar sine fagavdelingar i fylket.



Ungdomspanelet 2006

Tusenlappar til ungdomsaktivitet

Ungdomspanelet deler to gonger i året ut 125.000,- altså 250.000.- årleg til ekstraordinære ungdomsaktivitetar i fylket. Ungdomsmidlane blir gitt til prosjekt som stimulerer til ungdomsengasjement, og skal gå til alternative ungdomsaktivitetar som elles ikkje får støtte frå det ordinære budsjettet til fylket. Det vert lagt vekt på tematisk og geografisk breidde, og om søkeren har fått støtte før.

Våren 2009 delte ungdomspanelet ut pengar til desse:

- Molde rytterklubb frå Molde
- Molde Taekwon-Do
- Tisket Tasket frå Midsund
- Ungdomsrådet i Ulstein kommune
- Innselset grendahus frå Volda
- Ungdomsrådet i Norddal
- 5. Ålesund Roverlag
- Dakruko, Dalsfjord Kristelege ungdomskor
frå Volda
- Stordal Ungdomsklubb
- Tingvoll MC-klubb
- Adventura/IUF frå Ulsteinvik
- Vestnes Musikkverksted
- Alternativ Russ i Rauma

UNG har hatt ca åtte møte årleg med ungdomspanelet der døme på saker har vore ungdoms-kort, kulterkort og utdeling av ungdomsmidlar.
Fire av møta er saman med det ordinære fylkestinget.





Ungdomsråd:

Eit ungdomsråd er eit lokalt høyrings- og innflytingsorgan. På lik linje med elderåd eller råd for funksjonshemma, er det eit interesseorgan som skal fremje ei konkret gruppe sitt synspunkt overfor lokalpolitikarane. Ungdomsråd skal jobbe for at kommunen blir ein betre stad for unge å vekse opp, og det skal fremje ungdomane sine interesser.

Ungdom har rett til å bli hørt. Dette er likevel ikkje den einaste grunnen til å høre på ungdom. Deira tilråding er ei viktig informasjonsskilde for kommunen sin administrasjon og politikarar. Informasjon om unge sine ønskjer og behov er avgjerande for at kommunane skal kunne utvikle det beste velferdstilbodet for alle innbyggjarar. Barn og unges rett til å uttale seg i saker som vedkjem dei unge er lovfesta. FN sin Barnekonvensjon blei ratifisert av Noreg i 1991 og blei innarbeida i norsk lov i 2003.

UNG har auka innsatsen for å få godtfungerande ungdomsråd i alle kommunar. Vi har organisert årlege nettverksamlingar for alle koordinatorane til ungdomsråda. Vi inviterer dei nærliggande ungdomsråda med koordinatorar til møte saman med ungdomspanelet når dei har sine møter rundt i fylket. Slik blir medlemane i ungdomsråda kjende med ungdomspanelet, og kan lettare bruke dei i ulike samanhengar. Vi har også eige program for koordinatorane under Ungdommens fylkesting.

Rekruttering til ungdomsråda

Det er svært viktig for ungdom, og for politikken i lokalsamfunnet, at ungdomsråda blir rekruttert frå ei så brei gruppe som muleg. Dette gjer at all ungdom får muleheit til å bli hørt.

Ungdomsråd

- › Betrar muleheitene for at ungdom kan påverke sin eigen kvar dag. Dette skaper auka trivsel.
- › Deltaking i ungdomsråd stimulerer politisk interesse.
- › Lettar demokratiplæringa, aukardemokratitrening.
- › Kjennskap skapar identitet.

Ungdomsrådet på Averøy vart kåra til "Årets ungdomskommune i 2008". Her er ungdomsrådet og ordførar Jarle Haga på besøk hos fylkesordførar Olav Bratland. Vertar var UNG og medlemmar av ungdomspanelet.





Elevrådskonferanse

Vi arrangerar elevrådskonferanse for ungdomsskoleelevar og kontaktlærar for elevråda i fylket. Dette gjer vi får å auke kunnskapen og kompetansen til dei som sit i elevråda, og til kontaktlærarane. Og vi gjer det for å heve statusen til å delta i elevråd. Dette er eit samarbeid med Elev- og lærlingeombodet i fylket.

Det er viktig at ungdom opplever at elevråd kan påverke, difor er det også viktig at kontaktlærar er med så dei hører og lærar det same. Elevråd er ofte det første organet ungdom er med der medverknad er poenget. Da må dei oppleve at dei blir teke på alvor. Under denne konferansen får dei høre om Elevrådsorganisasjonen, og kva dei kan hjelpe til med. Dei får også informasjon om ungdomsråd og tips om korleis dei kan samarbeide



Elevrådskonferanse 2008

8.mars arrangement

UNG samarbeide med likestillingsutvalet i fylket og Høgskolen i Molde om eit 8. mars arrangement i 2007. Føremålet med konferansen var å sette søkelys på likeverd og likestilling i samfunnet på premissa til dei unge. Dei må finne eit språk som dei kan identifisere seg med. Dagsordenen vart sett av ungdom. Arbeidsgruppa sto for utarbeiding av program og utveljing av foredragshaldarar og debattantar. Erfaringa viste at dei yngste ungdommane i vår målgruppe meinte det var full likestilling mellom kvinne og mann. Det er først og fremst i denne konteksten dei tenkjer når dei hører ordet likestilling. Då er til dømes ikkje funksjonshemma eller minoritetar medrekna. Ein må opp i ganske høg alder før ein erfarer at ungdom opplever at det ikkje er like-stilling mellom kjønn i Norge, til dømes når ein ser på lønn for likt arbeid. Ei anna erfaring var at ord som kvinnesak, feminist, likestilling er særslig betente og lada ord. Ungdom identifiserer seg ikkje med desse orda, men tek avstand. Dei treng nye ord som dei eig sjølv. Det var ein spanande veg vi gikk saman med arbeidsgruppa, og deira konklusjon var at det var lærerikt. Dette var tenkt som eit årleg arrangement, men saman med ungdommane satt vi temaet inn i ei ny kontekst - karrieredagane. Karrieredagan blir omtala på side 19.

Kultur for medverknad

I løpet av programperioden har vi hatt fokus på å synleggjere kor viktig medverknad for ungdom er. Når kommunetilsette og politikarar skal avgjere ei sak som vedkjem ungdom, så er det mest føremålstenleg å spørje ungdom sjølv om kva dei meiner gjennom til dømes eit ungdomsråd. Vi jobbar for at dette skal bli ein innarbeida kultur på alle nivå der vedtak fattes.

...Fokus på synleggjering

TV-serie om ungdom i Møre og Romsdal

TV Sunnmøre lagde ein eigen TV-serie (16 program) om ungdom i Møre og Romsdal for å synleggjere kva mulegheiter som finst. Programma blei sendt på TV for heile fylket, og hadde innslag med til dømes ein ung filmskapar frå Kristiansund, Noregs største løpstalent Karoline Grøvdal frå Isfjorden og surfemiljøet på Alnes.

Serien tok føre seg ungdomsvilkår, mulegheiter for ungdom og korleis det er å vere ung i Møre og Romsdal. Her fekk alle geografiske områder i fylket mulegheit til å vise fram sine ungdomstiltak. "Ung i Møre og Romsdal" sin profil fungerte som ein raud tråd for programrekka.

Karrieredagar



UNG i Møre og Romsdal har i samarbeid med offentleg og privat næringsliv, transportnæringa i fylket, næringsforum, høgskolane i fylket, fagskoler og videregående skolar i fylket arrangert ein karrieredag med vekt på oppleving for alle 10. klassane i fylket.

Målsettinga med dagen var å gi elevane eit levande bilet av arbeids- og utdanningstilbod i eige fylke. Vi ønskte å vise fram smakebitar av dei spanande arbeids- og utdanningstilboda vi har for å motivere ungdommen til å begynne å tenke på eiga framtid. Det vart organisert transport og servert spanande mat frå fylket i samarbeid med elevar frå restaurant- og matfag ved dei vidaregåande skolane. Første gongen dette blei arrangert - i 2007 -vart elevane og lærarane på Sunnmøre transportert til Høgskolen i Ålesund og Ålesund maritime og tekniske fagskole, dei i Romsdal og på Nordmøre til Vestbase og Petrosenteret sitt anlegg i Kristiansund. Programmet på begge stadane gav elevane erfaringar og opplevelingar, samstundes som dei lærte om kva jobbar det mangfaldige arbeidslivet byr på, og kva vegar som fører fram til jobbane. Det vart stilt krav til aktørane frå arbeidslivet om at alle elevane skulle få teste/prøve/kjenne på korleis yrket eigentlig var. Kva gjer du på når du jobbar med logistikk? Høgskolen i Molde hadde m.a. mange oppgåver som elevane måtte løyse for å skjonne kva logistikk er. For at dagen skulle bli ein del av karriererettleiinga for den enkelte eleven, og for å knytte det til det nye faget på ungdomsskolen "programfag til val" (no utdanningsval), var det viktig med for- og etterarbeid. Kvar elev fekk tilsendt magasinet "Muligheter for JOBB i Møre og Romsdal", med forslag til arbeidsoppgåver. I etterkant var det konkurranse blant elevane.



Elevane skal delta aktivt under arrangementet. Ingen aktører får lov til å stå på stand. Elevane skal få et innblikk i kva kvardagen går ut på i ulike type jobbar. Dei skal teste ut yrket, gjere ein del av ein arbeidsdag

Under karrieredagane i 2008 utvida vi med ein destinasjon til - Romsdal. No skulle alle Romsdals-elevane fraktast til Molde. Der var lokasjonane Høgskolen i Molde og industriområdet til Brunvoll.

Årets tema var **"dobbelt så mange mulegheiter"**, for å sette fokus på kor kjønnsdelt arbeidsmarknaden er i Møre og Romsdal. For at dagen skulle verte ein del av karriererett-leiinga i faget utdanningsval for den enkelte eleven, var det viktig med for- og etterarbeid. Vi utarbeida oppgåver knytt til tema, som skulle løysast i førekant og etterkant av arrangementet.
I løpet av dei 3 åra UNG har arrangert Karrieredagar har ca 10.000 elevar frå 10.trinn deltatt.



Høgskolen i Molde med logistikkutfordringar, korleis kjem ein seg raskast frå A til B



UNG har fått midlar frå Kommunal og Regionaldepartementet for å utvikle Karrieredagane til å bli eit fast element der skolane, arbeidslivet, høgskolane, fagopplæringa og fylket samarbeider. Tema som ligg til grunn i søknaden er "dobbelt så mange mulegheiter". Eit auka fokus på yrkes- og utdanningsrettleiing, og røynslene frå karriererettleiingsprosjektet opnar for å vidareføre arbeidet med desse prosjekta og etter kvart få til eit systematisk arbeid mot kjønnsdelinga av utdannings- og arbeidsmarknaden. Førebels evaluering viser at karrieredagane har hatt god effekt. Ungdom har fått betre kunnskap om kva slags arbeidsliv som finst i fylket, og dei er blitt gjort merksame på at fylket er kjønnsdelt når det gjeld utdanning og yrkesval. Dei har testa ut yrker som er typiske " jente-" eller "gutteyrke", og dei er meir merksame på kva som kjenneteiknar Møre og Romsdal. Arbeidslivet har fått møte ei målgruppe dei synst er viktig med omsyn til rekruttering. UNG, saman med alle samarbeidspartane, har fått gode erfaringar som er nytige å ta med vidare. Samarbeidspartane våre er villig til å leggje ned mykje arbeid og pengar for å vere med vidare. Dei er også villige til å ta ansvar framover, og med faste koordinatorar ute i regionane meiner vi at Karriere-dagane kan bli ein del av yrkes- og utdannings-rettleiinga til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Hoppid.no støtta vår søknad om midlar frå Kommunal og Regionaldepartementet. For å nå måla i hoppid.no, er det svært viktig å kunne få vise fram kva arbeidsmarknaden kan tilby i lokalsamfunna. Karrieredagane bidrar til at ungdom får auga opp for mulegheiter dei ikkje visste fanst i nærmiljøet. Og det kan inspirere til å sökje jobb eller etablere eiga bedrift i heimtraktene.

Møre og Romsdal fylke ved utdanningsavdelinga har utarbeidd ein årsplan for kontaktlærarane i vidaregåande skole der yrkes- og utdanningsrettleiinga er ein fast del av arbeidsoppgåvene, både i elevsamtalen, i basisgruppa og i høve til foreldra. Møre og Romsdal fylke har i samarbeid med faglærarane utarbeidd ulike eksempel på undervisningsopplegg for yrkes- og utdanningsvinkling av kompetanseområda i læreplanen, både for ungdomsskole og vidaregåande skole. Utdanningsavdelinga driv også Ungt Entreprenørskap, og mange skolar tek i bruk program som Jobbskygging, Gründercamp, Økonomi og karriereval, Elev- og Ungdomsbedrift. Det vert jobba for å utvikle metodar for å innarbeide yrkes- og utdanningsrettleiing i arbeidet med kompetanseområda på dei studiespesialiserande programma.

Møre og Romsdal fylke var eitt av fire fylke som gjennomførte prosjektet "Bevisste utdanningsval" (1997 – 2000). Karriererettleiingsprosjektet (2006-2009) har laga gode modellar for eit tett samarbeid mellom ungdomsskole, vidaregåande skole og arbeidsliv. Eit auka fokus på yrkes- og utdanningsrettleiing som prosess og røynslene frå karriererettleiingsprosjektet opnar for å vidareføre arbeidet med desse prosjekta og etter kvart få til eit systematisk arbeid mot kjønnsdelinga av utdannings- og arbeidsmarknaden.

Karrieredagane har auke næringsliv- og ungdom sin kunnskap om organisasjonen Møre og Romsdal fylke sine prosjekt og tiltak retta mot ungdom.

Ekstern og intern synleggjering

Prosjektleiar og prosjektmedarbeidar i UNG programmet har halde ulike innlegg på konferansar o.l. Vi har vore ute på stands for å synleggjere UNG - programmet internt og eksternt. UNG er representert i tverrfaglege grupper intern i fylket – til dømes Omdømmeprosjekt, Plan og samhandlingssteamet, Prosjektforkum (i regi av samhandlingsarenaen), og i ressursgruppa for utvikling av einskapsfylket. UNG blir brukt som døme på distriktscenterets nettside <http://distriktscenteret.no/Medvirkning/tabid/7349/Default.aspx>

UNG har halde ulike innlegg på konferansar som til dømes Kommunalplankonferansen, Ungt Entreprenørskaps "Jenter og leiing", Barne- og likestillingsdepartementet årlege konferanse og Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufdir) ungdomskonferanse i Bergen.

...Fokus på både medverknad og synleggjering

Spørjeundersøking

UNG gjennomførte i 2007 ei spørjeundersøking for å få betre kunnskap om kva ungdom veit om fylket, kva som gjer at ungdom trivst, og kva ønskje ungdom har for å kunne busette seg i fylket. Resultatet av spørreundersøkelsen blant 1530 elever på 2. og 3. trinn i videregående skole er bearbeidd av Møreforskning Volda.

Viktige funn fra undersøkinga var mellom anna:

»»» Ungdomsråd er eit viktig middel for å auke ungdom sin interesse for politisk deltaking.

Statsråd Meltveit Kleppa sin påstand om at ungdomsråd er eit viktig middel for å auke interessa til dei unge for å delta i lokalpolitikken blir bekrefta i denne undersøkinga. Det er ein klar samanheng mellom det å vere politisk aktiv og å ha delteke i ungdomsråd. 33% av dei som har vore med i ungdomsråd er no politisk aktive – mot 6% totalt i utvalet. Den same samanhengen finn vi også for deltaking i elevråd.

»»» Deltaking i ungdomsråd gjer det meir sannsynleg at ein blir buande på heimlassen

32% av elevane frå kommunar med ungdomsråd vurderer det som svært sannsynleg at dei vil bo i heimkommunen om 10-15 år, mens den tilsvarende delen hos dei som ikkje har ungdomsråd er 24%.

»»» Det er ein svært tydelig samanheng mellom det å trivst i kommunen sin, og om ein vil busetje seg i Møre og Romsdal i framtida. Dess høgare trivsel, dess større er trua på at ein vil bu i fylket om 10-15 år.

Resultatet av spørjeundersøkinga gav UNG ein peikepinn om at dei satsingane vi har sett i verk er rette.



Ungdomskonferanse i Molde

UNG gjennomfører i desse dager ei ny spørjeundersøking for å måle om UNG programmet har hatt effekt. **Resultata leggjes på UNGweb.no**

UNGweb.no

"Ung i Møre og Romsdal" har av Kommunal- og regionaldepartementet blitt tildelt ein million kroner til utvikling av ei webside for ungdom. Pengane er gitt som ein del av departementet si småsamfunnssatsing retta mot lokalsamfunn i distrikta, som eit element i distriktsløftet.

Websida for ungdom legg vekt på synleggjering av Møre og Romsdal sine ungdomstiltak og fungerar som ein medverknadsarena for ungdom. Her får ungdom frå heile fylket ta opp sakar som opptek dei, slik at lokale ungdomsorgan og politiske organ, kan ta saka vidare til sine aktuelle vedtaksfora. Slik vil websida både synleggjere ungdomstiltak og styrke det lokale ungdomsdemokratiet.

Nettstaden gir mulighet for at ungdom kan kommentere alle artiklar. Slik kan dei seie meininga si om enkeltsaker. UNG spør og ungdom direkte om saker vi ønskjer at ungdom skal uttale seg om. På nettstaden blir mange av tiltaka Møre og Romsdal fylke har mot målgruppa mellom 15-25 år synleggjort, og elles andre aktuelle tema for ungdom. Denne satsinga blir stadig utvikla for at ungdom skal finne nettstaden attraktiv.



Lansering av første versjon til UNGweb.no

Drifting og vidareutvikling av UNGweb.no.

Korrigert nettside med ny design vart lansert til skolestart hausten -08 med Feide innlogging, som er ein "singel sign on". Det betyr at elevane ikkje treng meir enn eitt passord for å nå digitale læringsressursar/hjelpemiddel som ordbøker og liknande. Vi har vore ute og fortalt om løysningane ungweb er bygd på til andre avdelingar på huset, fylkestinget, departement og næringsliv.

Stadig fleire oppdagar og tek i bruk UNGweb.no. Statistikken viser at UNGweb.no hadde besøk av 16 351 unike besøkende (96 915 ganger innom siden) i perioden 1.aug - 1.okt 2008.

31 136 unike besøkende (229 192 ganger innom siden) var innom i perioden 1.aug - 1.okt 2009.

Nettstaden skal vere ein informasjons- og medverknadsarena for ungdom, med fokus på å synleggjere attraktive sider ved Møre og Romsdal, dialog med unge for å betre tenestetilbodet og styrke forankringa til heimpllassen – i det heile styrke fylket som attraktiv etableringsstad.

Demokrati -09

UNG har blitt invitert av UNINETT ABC og Fornyings og administrasjonsdepartementet til å vere med i eit prosjekt kalla "Demokrati -09". Fornyings og administrasjonsdepartementet har gitt økonomisk støtte via UNINETT ABC, til dette prosjektet (500.000,- kr). Målet for prosjektet var jf Fornyings og administrasjonsdepartementet:

"Ved hjelp av sosiale webstrukturar, også kalt web 2.0, skape arenaer for demokratisk deltaking blant unge – både før, under og i etterkant av sjølve valet. Gjennom Demokrati 0.9 skal det testast ut ulike teknologiske plattformer, gjenbruke offentlig innhald og løysningar, og bevisst nytte opne standardar for å sikre like valmoglegheiter for alle."

UNG hadde målgruppa - og ein nettstad gjennom UNGweb.no som var langt framme i den teknologiske utviklinga. Alt lå til rette for at UNG kunne gjere testinga. Den største jobben var å mobilisere politikarar, dei videregåande skolane og ungdommane til å bruke tenesta.

Aktiviteten rundt Demokrati 09 var stor! Møre og Romsdal låg øvst på lista over deltaging under skolevalet 2009. Vi meiner demokrati 09 er årsaka. Når ein ser på auken i bruk av ungweb fra 2008 til 2009 i samme tidsrom, så skuldast det m.a. Demokrati 09.

UNG WEB

UNGWEB | MIN SIDE | MIN SKOLE

NYTT | KVA SKI KV | VIDEO | UNGWEB.TV | DU BESTEMMER | NYTTIG | DEMOKRATI 09

Kulturrabatt på Moldejazz 2009
Ungdom i More og Romsdal mellom 15 – 20 år får også i år eit pakketilbod på Moldejazz. For 300 kroner får ungdom å store utkonserter under jazzfestivalen i Molde i sommar. Tilbodet er knytt til ordninga "Kulturrabatt for ungdom". Madon, Timbuktu, Jamie Cullum og Raphael Saadiq!

Skal Noreg fortsatt vere eit monark?
Les meir [2] (3 dager siden) | Brukar

Kven har fått pangar frå Ungdomspanelet?
Ungdomspanelet delte tysdag ut kr 125.000,- til ungdomsprosjekter i fylket

Lovfestet rett til læreplass
Vant kampen om lovfestede lærlingplasser
AUF fikk ein stor politisk seier da Arbeiderpartiets landsmøte vedtok å lovfeste retten til lærlingplasser.

LOVFESTET LÆRLINGEPLASS: Christoffer Perreau, leder i AUF Sør-Trøndelag, fremmet forslag om læreplass til alle under Arbeiderpartiets landsmøte tirsdag ettermiddag.
Et overvektig antall tilslutt tilslutt stemte forslaget fra Sør-Trøndelag AUF om å øke antallet lærlingplasser i både offentlig og privat sektor, blant annet ved å lovfeste rett til lærlingplass.

- Det hadde jeg ikke ventet, sier en glad forslagsstiller, AUF-leder Christoffer Perreau i Sør-Trøndelag.

En gammel kampsak for ungdomsorganisasjonen har vært å gi elever på yrkesfaglig studieretning like rettigheter som elever på allmennfaglig studieretning.

Perreau mener det er slasing av samfunnets ressurser at mange yrkesfaglige elever ikke har hatt en læringplass å gå til og dermed ikke fått fullført utdannelsen sin.

Mange elever dropper ut av videregående skole, og Perreau ser ikke bort fra at manglene lærlingplasser kan vere en av årsakene til det.

- Mange mistar motivasjonen hvis det er null sannsynlighet for å få læringplass. Derfor er dette ein viktig sak ikke bare for elevene, men også for hele samfunnet, sier Perreau.

les om årets Jugendfest!!

PÅ UNGWEB AKKURAT NO

Nytt	Kva skjer?	Video	Du bestemmer	Nyttig
Skriv inningskolen Årets læser finner du i Ale... Ungdommens Fyrketing i Sør...	Video: Nordland på besøk i... Video: Intervju med Erling... Video: Musikklinjenens redde	Video: UNT 2009 Program for Ungdommens fyl... Metteinkalling til Ungdomme...	Seksjon i UNT 2009 Feiringssignatur for graf... IKT-reglement for elever ve...	Minipris 2009 Fellespris 2009 Mestepris 2009 Kulturrabatt på Moldejazz 2009


KOMMENTERT

25. april kl. 11.13: herlig tiltak når blir billettene lagt ut? seier Hans Fredrik Vestneshagen.

Artikkel: Kulturrabatt på Moldejazz 2009

BEST OF...

ARBEIDERPARTIET 27 %	Rødt ønsker ein maks pris på ungdomskortet på 200 kr. Kollektivtransporten må generelt bli mye bedre, også for ungdom. Time ekspresen er et flott tilbud, og må utvikles vidare med hyppigere avganger.	Enig!	
HØYRE 27 %	Nei. Dette gjelder både manglende ruter i de større tettstedene som kan vidareutvikles og i distriktet hvor ruter bør opprettes hvor det ikke er noe fra før og styrke de rutene som er.	Enig!	
SOSIALISTISK VENSTREPARTI 16 %	Nei. De grønne synes generelt at kollektivtilbuet er for dårlig og må satses på slik at det kan bli et reelt alternativ.	Enig!	
RØDT 15 %	Nei	Enig!	
FREMSSKRITTPARTIET 15 %	Nei, det er altfor dårlig. Fylket burde få til prøveprosjekt med gratis kollektivtilbuet for unge.	Enig!	
VIS ALLE »	DEMOKRATENE 	Nei, busstilbuet er ikke godt nok, dette gjelder store deler av fylket. Ungdomskortet burde og vært langt billigere.	Enig!
ARBEIDERPARTIET 	Nei. Busstilbuet i More og Romsdal er ikke godt nok, og spesielt ikke i distrikten. Det er en viktig sak for ungdom i fylket men også viktig i et miljøperspektiv. Å styrke kollektivtrafikken er et bra miljøtak. Det bør bli flere og bedre bussavganger rundt om i fylket og spesielt på kveldstid og i helgene. Mange ungdommer er avhengig av bussen for å komme seg til og fra skolen også for å drive med fritidsinteresser. At barn og ungdom må stå på plass for å få fulle skolebusser er for dårlig. Arbeiderpartiet tar ungdom på alvor, og harer på dem når de sier at busstilbuet er for dyrt og for dårlig.	Enig!	
KRISTELIG FOLKEPARTI 	Nei, ikkje totalt sett. Det er store geografiske skilnader. Fyka, som innkjapar av transporten, prioritærer i klix grad dette. Einskilde stader er tilbodet godt, mens andre stader bør bli betre. For KrF er det viktig at alle barn og unge har eit trafikk sikket tilbod. Derfor har vi fremja forslag i Stortinget om at alle barn skal ha rett til sitteplass på buss, og at det skal vere påbudt med setebelte. Kvar dag reiser nærare 200 000 barn med buss til skolen. Mens reglane for sikring av barn i bil er skjerpa, er det framleis tilate med offentleg skoletransport med ståplassar og sete utan belte. Det må bli tilstrekkelege føremål til skoleturane. Det er rimeligt at barn må tilsette seg i bussen når...	Enig!	



Forside UNGweb.no med "ukas spørsmål".

Valsidene på UNGweb.no

Politikarane svarer på

"ukas spørsmål".

...Budsjett og rekneskap

Reelle utgifter

Sum utgifter for 2006:	254 570,- kr
Sum utgifter for 2007:	2 064 387,- kr
Sum utgifter for 2008:	2 602 670,- kr
Sum utgifter for 2009 pr 06/11-2009:	1 685 175,- kr
Samla utgifter 01/09 2006 - 06/11 2009*	6 60 6802,- kr

* Innklusiv lønsutgifter

I tillegg har UNG søkt om midlar internt og eksternt:

Til ungweb.no

Kommunal og Regionaldepartementet:	1 000 000,- kr
Regional og næring:	250 000,- kr
Samhandlingsarenaen:	290 000,- kr
SUM:	1 540 000,- kr

Til Spørjeundersøking

OU midlar frå administrasjonsavdelinga: 2007	37 500,- kr
Regional og næring/Move to More: 2009	18 000,- kr
Frivillighetsprosjektet: 2009	18 000,- kr
OU midlar frå administrasjonsavdelinga: 2009	25 000,- kr
SUM:	98 500,- kr

Til Karrieredagar

Regional og næring: 2008	200 000,- kr
Likestillingsutvalet: 2008	50 000,- kr
Likestillingsutvalet: 2009	10 000,- kr
Kommunal og Regionaldepartement 2009: til vidare utvikling inn i drift*	800 000,- kr
SUM:	1 060 000,- kr

Til Demokratiprosjektet

UNInett ABC: 2009	inntil 500 000,- kr
SUM inntekter 01/09 2006 - 06/11 2009	3 198 500,- kr

Differansen mellom utgift og inntekt 01/09 2006 til 06/11 2009 kjem frå budsjettet til utdanningsavdelinga	3 408 302,- kr
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------

Merknader:**Viktige milepælar i 2007 som hadde store økonomiske konsekvensar:**

- UNG fikk tilsatt ein prosjektmedarbeidar 8. januar 2007. Prosjektmedarbeidar vart tilsatt for å fokusere på ungdom som ressurs i eit tverrfagleg perspektiv.
- Utvikling av UNGweb.no
- Karrieredagar

Viktige milepælar i 2008 som hadde store økonomiske konsekvensar:

- Vidareutvikling av UNGweb.no
- Karrieredagar

***Midlar frå KRD til karrieredagar er øyremerka utvikling av Karrieredagar og settast på fond**

...Vegen vidare

Ideen bak UNG er å synliggjere mulighetene og auke den reelle medverknaden for ungdom i fylket. Etter at UNG-programmet er ferdig er det viktig at dette arbeidet blir videreført.

Einskapsfylket blir avvikla 01.01 2010. Ungdomssatsinga må forankrast i dei fylkeskommunale avdelingane: Regional og Næringsavdeling, samferdsleavdeling, kulturavdeling, planavdeling, tannhelse og utdanning.

»»» Det må framleis vere tilsette i organisasjonen som arbeider med ungdom og auka reell medverknad som hovedfokus, med same mandat UNG programmet har hatt.

- Ungdomsråd er viktig for rekruttering og fråflyttingsproblematikken til fylket. Eit hovudfokus til UNG er å vere ein tydeleg medspelar for ungdomsråda i kommunane. Spørjeundersøkinga UNG gjennomførte hausten 2007, viser at ungdom som bur i kommunar med ungdomsråd har ei sterkare tilknyting til kommunen sin enn dei som ikkje har ungdomsråd. Ungdomspanelet er viktig. Ungdomspanelet skal vere bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane i fylket. Den økonomiske ramma til ungdomspanelet må aukast for å halde aktivitetsnivået oppe når UNG sin programperiode er over.
- Fylket skal vere ein god rådgjevar til kommunane når det gjeld barn og unge i all planlegging
- Logoen til UNG bør heftast på alt arbeid retta mot ungdom i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune slik at arbeidet som gjerast, og kven som er avsendar blir synleg for ungdomsgruppa.

Dagens prosjektmedarbeider skal videreføre desse oppgåvene. Spørsmålet om kva avdeling stillinga bør plasserast er til vurdering. Ein må ta omsyn til tilgang til informasjon om ungdomsarbeid i heile fylket og politiske saker som skal til behandling, samt omsyn til UNGweb sin viktigkeit for utdanning. UNGweb sin største suksesskriteire er at den er startsida til alle dei vidaregåande skolane i fylket. Her møter ein 10.000 ungdomar kvar dag! Nettsida inneheld informasjon som er interessant og relevant i skolekvardagen.

»»» Informasjonstrategien til Møre og Romsdal fylkeskommune må klart vise at ungdom er ei målgruppe.

- Kommunelova slår fast at kommunane og fylkeskommunane har plikt til å drive aktiv informasjon mot ungdom
- Informasjon retta mot ungdom må tilpassast målgruppa.
- Vidareutvikle nettstaden UNGweb.no for å styrke informasjonen og synleggjere muleheitene ungdom har i fylket.

»»» Vidareutvikle karrieredagane

Vidareutvikle karrieredagane i samarbeid med utdanningsavdelinga i fylkeskommunen, privat og offentleg næringsliv og høgskolane. Skal utdanningsavdelinga ha det økonomiske ansvaret må dei økonomiske rammene aukast frå 2011. Karrieredagane kosta Møre og Romsdal fylke 550 000,- kr i 2007, og 450 000,- kr i 2008.

Utgiftane for 2010 er dekka via midlar frå Kommunal og Regionaldepartementet.

Karrieredagane kan bli ein del av yrkes- og utdanningsrettleiinga til Møre og Romsdal fylkeskommune. Karrieredagane er med på å auke næringsliv- og ungdom sin kunnskap om organisasjonen Møre og Romsdal fylke sine prosjekt og tiltak retta mot ungdom.

...Sluttevaluering

Har UNG programmet hatt effekt?

For å kunne måle effekten av UNG hadde vi ein spørjeundersøking ute blant avgangselever i dei vidaregåande skolane i 2007, og som vi gjentar no - hausten 2009. Resultata leggjes ut på UNGweb.no

Ved oppstart i 2006 var det 34 kommunar som hadde ungdomsråd. Mange av dei var ikkje særleg aktive. Dengong var det 38 kommuner i Møre og Romsdal. I dag har alle kommunar ungdomsråd. UNG har hatt tett oppfølging av koordinatorane, og danna nettverk dei kan delta i for å auke sin eigen komptanse. Koordinatorrolla til ungdomsråd kan vere ein einsam jobb. Vår erfaring er at det har lønt seg å tilby koordinatorane eit tettare samarbeid. Mange har lite tid sette av i stillinga si, og heller ikkje mykje pengar. Ved å møte andre som jobbar på same måte kan ein få drøfte problemstillingar og utvikle samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Gjennom UNGweb.no har vi nådd ei stor ungdomsgruppe. UNGweb er eit viktig verktøy for UNG sitt arbeid med å synleggjere mulegheiter og auke reell medverknad. Ved demokrati-prosjektet klarte vi å auke engasjementet blant ungdommar i fylket. Møre og Romsdal kom på topp i deltaking av skolevalet 2009, og vi meiner valsida på UNGweb var ein direkte årsak. Vi oppnådde også å gjere politikarar merksam på at ungdom har tydelege og sterke meininger når dei blir teke på alvor.

Evalueringar frå karrieredagane viser at ungdom har auka sin medvit på kva yrker og høgare utdanning som fins i fylket. Næringsliv har også blitt meir kjend med ungdommene i fylket, og organisasjonen Møre og Romsdal fylke.

Organisasjonen Møre og Romsdal har blitt meir merksame på ungdom og deira ressursar, og brukar ungdom i større grad enn tidlegare for å høyre kva dei meiner om saker som vedkjem ungdom.

